



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjefylkesmann - Alver - (Meland) - 318/12 - Øvre Sagstad - oppføring av einebustad med garasje - dispensasjon

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 16.09.2020. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå LNF-formål for oppføring av einebustad.

Utval for areal, plan og miljø gav i vedtak datert 05.02.2020, i sak 010/20, dispensasjon for oppføring av einebustad.

Vedtaket vart klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev datert 02.03.2020.

Utval for areal, plan og miljø handsama klaga i møte den 29.04.2020, sak 063/20, og tok klagen delvis til følgje.

Det nye vedtaket vart klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev datert 08.05.2020.

Utval for areal, plan og miljø handsama klaga i møte den 02.09.2020, der Alver kommune sitt vedtak datert 29.04.2020 vart oppretthaldt med den presisering at eksisterande bustad vert gjort om til anneks samt at kjøkkenet og slamavskiljar vert fjerna før ferdigattest/midlertidig bruksløyve vert gjeve samt at eigedomen vert kopla på offentleg vatn- og avløp. Klagen vart ikkje tatt til følgje.

Det er gjeve utsett iverksetting av vedtaket inntil klagen er endeleg avgjort i skriv, datert 04.06.2020.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Fylkesmannen i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning.

Med helsing



Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Erik Knag Johannesen Sagstadvegen 127 5919 Frekhaug
Alver kommune Havnevegen 41 A 5918 FREKHAUG